

Endringar i lokal forskrift om inntak – Inntaket til smedlinja (Vg2 Smed)

Lokal forskrift om inntak og formidling til vidaregåande opplæring



Vestland
fylkeskommune

Innhald

Bakgrunnen for høyingsnotatet.....	2
Aktuelt regelverk – Opplæringslov og forskrift.....	3
Foreslått forskriftstekst – Inntak til Vg2 Smed	4

Bakgrunnen for høyingsnotatet

Tidlegare inntak til VG2 Smed – Odda vgs.

Vestland fylkeskommune foreslår å gjere ei justering i lokal forskrift om inntak og formidling til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune. Formålet er å opne for at gjennomføre inntaket til smedlinja (Vg2 Smed) ved Odda vidaregåande skule på eit tidlegare tidspunkt enn i dag. Endringa vil kunne gjelde frå 1. januar 2026.

I Noreg er det tilbod om VG2 Smed ved Odda vgs. og Hjerleid Handverksskole (privatskule). Kvart år søker ca. 10 til 15 søkerar om inntak til desse to tilboda. Tilboda konkurrerer om dei same søkerane innanfor faget.

Smedlinja ved Odda vgs. er ei landslinje. Landslinjer er opne for søkerar frå heile landet og alle søkerar konkurrerer likt i inntaket.

Hjerleid Handverksskole gjennomfører inntaket til sine tilbod tidlegare enn Vestland fylkeskommune, og søkerar kan difor få tilbod om skuleplass på eit anna, tidlegare tidspunkt enn søkerar per i dag kan få når dei søker på tilbod i Vestland fylkeskommune. Ulike tidspunkt for inntak gir særleg negative konsekvensar for søkerar til landslinja ved Odda vgs. Søkerar som har akseptert skuleplass ved privatskulen, og som seinare får tilbod ved Odda vgs., vil måtte takke nei til tilboden

ved den offentlege skulen sidan dei har takka ja til skuleplass. Samordning av inntaket vil gjere inntaksprosessen meir føreseieleg for elevar som søker Vg2 Smed. Fylkeskommunen vurderer også at endringa kan stimulere til auka elevtal og fleire fagarbeidrarar, i eit raudlista handverksfag.

Forslaget inneber å justere lokal forskrift slik at søkerar til Vg2 Smed kan søke direkte til Odda vgs. innan søknadsfristen 1. mars, og at rektor ved skulen vil gjennomføre inntaket etter 1. mars. Søkerar vil dermed tidlegast kunne få tilbod om skuleplass i mars-månad. Per i dag får søkerar til Vg2 Smed tilbod om plass i juli-månad, på same tidspunkt som andre søkerar i det ordinære inntaket.

Aktuelt regelverk – Opplæringslov og forskrift

Sentralt regelverk regulerer ikkje tidspunktet for tilbod

Opplæringsforskrifta¹ § 4-5 krev at fylkeskommunen skal fastsette ei lokal forskrift om korleis inntaket skal gjennomførast. Lokal inntaksforskrift skal mellom anna ha reglar om «korleis inntaket til opplæring i fylkeskommunale vidaregåande skolar, som er statleg finansierte og godkjende av departementet (landslinjer) skal gjennomførast». Lov og forskrift har reglar som set rammene for korleis inntaket skal bli gjort. Innanfor ramma har fylkeskommunen moglegheit til å tilpasse lokalt.

Opplæringslov og opplæringsforskrifta har ikkje reglar som direkte fastset tidspunktet for når ein søker skal få svar på sin søknad om vidaregåande opplæring. Normalt får dei fleste elevar svar i juli-månad. Sidan svartidspunkt ikkje er fastsett sentralt, er det ei opning for at fylkeskommunane kan fastsette svartid lokalt. Det er ikkje krav om at alle søkerar skal få svar på same tidspunkt, og det er difor mogleg å regulere ulike svartidspunkt for ulike tilbod.

¹ <https://lovdata.no/forskrift/2024-06-03-900>

Foreslått forskriftstekst – Inntak til Vg2 Smed

§ 10 om «landslinjer» i lokal inntaksforskrift

I lokal inntaksforskrift² § 10 er inntak til landslinjer regulert slik:

§ 10. Inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod

«Søkarar til landslinjer og landsdekkande tilbod skal registrere søknaden i heimfylket. Søkarar frå heile landet konkurrerer likt ved inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod. Inntaket skjer på grunnlag av karakterpoeng.»

Fylkeskommunen foreslår å endre føresegna slik, med utheva endring:

§ 10. Inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod

«Søkarar til landslinjer og landsdekkande tilbod skal registrere søknaden i heimfylket. Søkarar frå heile landet konkurrerer likt ved inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod. Inntaket skjer på grunnlag av karakterpoeng.

**Søkarar til Vg2 Smed kan også søke direkte til Odda vidaregåande skule.
Rektor gjennomfører inntaket frå etter 1. mars. Inntaket skjer på grunnlag av karakterpoeng frå 1. termin.**

Fylkeskommunen viser til følgande punkt som grunngiving for forslaget:

1. Forslaget er at inntaket vil bli gjennomført frå etter 1. mars. Den ordinære søknadsfristen for inntak til vidaregående opplæring er 1. mars, og denne fristen er fastsett frå sentralt hald gjennom opplæringsforskrifta § 4-9. Det er difor først når søknadsfristen er

² <https://lovdata.no/forskrift/2020-09-29-3380>

utgått at fylkeskommunen tidlegast bør gi tilbod til ein søker. Ved knappleik på plassar er risikoene før dette tidspunktet at prioriteringa av søkerane ikkje blir korrekt. Før fristen er gått ut kan også søkerar sjølv fritt endre tidlegare innsendt søknad.

2. Forslaget er at inntaket blir gjennomført på skulenivå av rektor. Inntaket vil bli gjennomført utanfor ordinær inntaksperiode, og det er difor føremålstenleg at gjennomføringa er lagt hos skulen heller enn administrasjonen sentralt i fylkeskommunen.
3. Forslaget er at inntaket vil bli gjennomført på grunnlag av karakterpoeng frå 1. termin. Inntak til offentleg vidaregåande skule blir normalt gjennomført på grunnlag av karakterpoeng frå 2. termin, som normalt er klare i juni-månad. For å kunne gjennomføre inntaket tidlegare i året er det i staden behov å basere inntaket på 1. termin-karakterar.

Privatskulalar som gjennomfører tidleg inntak baserer også inntaket på karakterar frå 1. termin, og endringa vil difor samsvare med korleis andre skular som har tidleg inntak gjennomfører inntaket.


4. Forslaget gir søkerar moglegheit til å få tilbod om inntak på eit tidlegare tidspunkt ved å söke direkte til skulen. Søkerar vil likevel framleis også kunne söke om inntak på ordinær måte gjennom VIGO, på grunnlag av karakterar frå 2. termin. Tilboden Vg2 Smed ved Odda vgs. har ein kapasitet som gjer det mogleg å både ta inn søkerar tidleg og gjennom det ordinære inntaket, utan tekniske eller praktiske utfordringar.

Om forslaget blir vedtatt vil fylkeskommunen fastsette retningslinjer for korleis søkerar søker til Odda vgs. Fylkeskommunen vurderer det ikkje som naturleg at nærmare framgangsmåte blir fastsett i lokal inntaksforskrift.

Etter eventuell vedtakning vil fylkeskommunen sørge for god informasjon til aktuelle søkerar om søknadsprosessen og om når søkerar kan forvente å få svar om skuleplass ved Vg2 Smed, for å i størst mogleg grad kunne oppnå formålet med endringa.

Endringa vil kunne gjelde frå 1. januar 2026, og med det gi endringar i inntaksprosessen til Vg2 Smed frå førstkommande inntak i 2026.

Endringsforslaget blir sendt på høyring slik at saka kan bli så godt opplyst som mogleg før fylkeskommunen gjer ei endeleg vurdering.



vestlandfylke.no